

Årsmöte for Osterøy Idrottslag vart halde på Hjellvik
29-11 1981 klokka 16.00.

Frammøte: 33 medlemer.

Formannen i Hjellviksgruppa Agnar Hjellvik ynskte årsmøtedeltakarane velkomen til Hjellvik for første gang og han gav så ordet til formannen i laget som igjen ynskte velkomen og saklista for møtet vart deretter samrøystes vedteken.

1. Val av ordstyrar: Øystein Solberg vart vald til ordstyrar.
2. Årsmelding: Monrad Myking las årsmeldinga som vart godkjendt uten merknad. Formannen i baneutvalet Jørgen Varden las deretter melding om sentralidrettsanlegget på Hatland.
3. Rekneskap: Magnus Borge las rekneskapen for hovedlaget som også vart godkjendt uten merknad.
4. Kontigent: Same som i 1981 kr. 50 for vaksne og kr. 15 for under 17 år
5. Røysterett og valgbarheitsalder: Same som tidligare) 15 år.
6. Sponsoravtalen: Sponsoravtalen med Osterøy Sparebank for 1982 vart samrøystes vedteken. I denne avtalen er beløpet auka til 33.000,00 men med same ordlyden som tidligare. Det vart endel diskusjon om kven som skulle fordela pengane og korleis dei skulle fordelast. Årsmøtet vedtok tilslutt at 80 % av sponsorpengane for 1982 skulle fordelast direkte på gruppene og resten fordelast av hovedstyret etter inkomne søknader.
8. I samband med at laget skal skaffa seg 100 stk. representasjonsdrakter vart det på styremøte 19/10 vald 3 medlemer til å koma med forslag om drakttype. Desse hadde fått utlånt ein heil del drakter og Arvid Lötveit viste fram dei ulike drakttyper og peika på fleire muligheiter til å få sydd drakter i laget sine farger. Johs. Loftås viste til vedtak på Grønskaret i 1946 der laget sine farger grønt og gult vart bestemt. Han kom med forslag om å innkalla til omframtårsmøte for der å ta stilling til om laget skulle endra fargane og eventuelt kva fargar laget skal velja. Nye draktfarger må i tilfelle godkjennast av forbund og det vart og peika på dei stor kostnader med kjøp av nye drakter til alle aktive. Godkjenning av det framlagde utkast til lagsfana måtte og utsetjast til laget sine farger vert endeleg bestemt. Årsmøtet hadde ingen merknad til at redaksjonen i O.I.L. Stikkå brukte av overskotet sitt til å kjøpa seg fotografiapperat.

Monrad Myking

Val+ Desse vart vald i styret for 1982:

| | | |
|-------------|------------------|---------|
| Formann | Öystein Solberg | 1 år |
| N.formann | Magne Skistad | 2 år |
| Kasserar | Magnus Borge | frå för |
| Skrivar | Monrad Myking | " " |
| Styremedlem | Bjarne Langhelle | 2 år |
| 1. varamann | Osvald Kalland | |
| 2. " | Karstein Borge | |
| 3. " | Leif Mjelde | |

Revisorer:

| | | |
|--------------|--------|------------------|
| Norodd Helle | Varam. | Arvid Lötveit |
| Geir Kleppe | " | Jostein Jacobsen |

Medlemer til kontaktutvalet

| | | | |
|----------------|----------------|--------|------------------|
| Magnus Borge | Monrad Myking | Varam. | Agnar Hjellvik |
| Björn Mjelstad | Vidar Simmenes | " | Bjarne Langhelle |

Valnemd for 1982:

Reidar Stall (Stall kallar inn til möte)
Ole Johan Hatland
Jon Bernes

Val av gruppeformenn samröystes godkjend.

| | | |
|---------------|---------------------------------|----------|
| Fotball. | Svein K. Lohne | Formann |
| | Inge Bruvik | Kasserar |
| Turn. | Kirsten Varden | Form |
| | Solveig Hagebö | Kass |
| Friidrott | Karl Johan Reigstad | Form |
| | Karl Johan Reigstad | Kass |
| Volleyball | Åhne Torild Ulleberg | Form |
| | Kari Elvik | Kass |
| Skigruppa | Öyvind Litland | Form |
| | Reidar Åsheim/Andreas Skjerping | Kass |
| Orientering | Svein Raknes | Form |
| | Leif Mjelde | Kass |
| Hjellvikgr. | Agnar Hjellvik | Form |
| | Björn Mjelstad | Kass |
| Valestrandgr. | Vidar Simmenes | Form |
| | Grete Brandsdal | Kass |
| O.I.L.Stikkå. | Agnar Hjellvik | |
| | Inge Bruvik | |
| | Lillian Normann | |
| | Svein O. Söreide | |
| | Bjarne Langhelle | |